



FOLKEMUSIKK OG DANS

HARDING FOLK

HARDANGER SPELEMANNSLAG

## Innkalling til årsmøte i Hardanger spelemannslag

**Tid:** Laurdag 29. mars 2014 , klokka 16.00

**Stad:** Granvin barne- og ungdomskule

### Sakslista

- 1) Godkjenning av innkalling og sakslista
- 2) Val av ordstyrar og skrivar
- 3) Årsmelding for Hardanger spelemannslag 2013
- 4) Rekneskap for Hardanger spelemannslag 2013
- 5) Innkomne saker

#### 5.1) Landskappleiken til Hardanger

Etter at me slo frå oss å søkje om LK har styret i Kvemmingen teke kontakt med oss for å få oss med som medtilskiparar av landskappleiken i 2015/2016 . Leiar og Arne Jordan har og vore på sonderingsmøte med dei, utan at ein har konkludert med noko bestemt. No ynskjer styret årsmøtet sitt syn på om me skal arbeide for å få Landskappleiken til Hardanger i 2016 eller 2017. Dette er ikkje noko sak som det skal fattast noko endeleg vedtak i på noverande tidspunkt, styret ynskjer berre å lufta tanken for årsmøtet.

- 6) Fastsetjing av kontingent for 2015
- 7) Fastsetjing av arbeidsprogram for 2014 - sjå vedlegg
- 8) Val

### Innkomne saker må vera styret i hende innan 22. mars 2014

Årsmelding og rekneskap vert ettersendt per e-post og lagt ut på heimesida.

For meir informasjon om årsmøtet eller kurset *Dans, spel, song- alt pao ein gong som* vert arrangert same helga, sjå [www.hardingfolk.no](http://www.hardingfolk.no)!

Ulvik, 10.03.2014

Anne-Marie Øydvin  
- leiar -



FOLKEMUSIKK OG DANS

HARDING FOLK

HARDANGER SPELEMANNSLAG

## Sak 7 Arbeidsprogram 2014

### Datofesta aktivitetar

Inspirasjonshelg for spelemenn og dansarar, 25.-26.januar 2014

Øving, konsert og dans på Hardanger Folkemuseum, 8. mars 2014

Hardanger i hundre - oppdrag i Oslo, 22.mars 2014

Dans, spel og song - alt pao ei gong, 28.-30.mars 2014

Hardingtonar - oppdrag i Norheimsund, 13.juni 2014 – førespurnad, ikkje svart på pr. dato

Vestlandskappleiken, Granvin - 3.-5.oktober 2014

### Andre arbeidsoppgåver

Skipa til konsertar

Kappleiksdeltaking

Drift av juniorlaget

Landskappleiken til Hardanger?

Hardingfelesenteret

Inspirasjonshelg/Spelemannsfest hausten 2014

Utvida bruk av styreweb og utvikling av nettside

Slåttar til bruk i laget - arbeide for å utvide samlinga av lydfilet med dei mest brukte slåttane anten i DropBox eller på Soundcloud og velje ein administrator for samlinga

Vurdere å innføre medlems gode (rimelegare kurs og konsertar for medlemar)